



Arne Reigstad
Osterfjordvegen 166
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/654 - 14/10290

Saksbehandlar:
Nils Kaalaas
NIK@lindas.kommune.no

Dato:
30.04.2014

Løyve til omdisponering etter jordlova - gbnr 188/14.

Søknaden

Det vert søkt omdisponeringsløyve etter jordlova for å bygga ny tilkomstveg til gnr 188 bnr 14 Gjervik. Vegen er planlagt langs grenselinja mellom gnr 188 bnr 6 og bnr 307 og fram til bnr 14.

Vurdering:

Lovgrunnlaget

§ 9. Bruk av dyrka og dyrkbar jord

Dyrka jord må ikkje brukast til føremål som ikkje tek sikte på jordbruksproduksjon. Dyrkbar jord må ikkje disponerast slik at ho ikkje vert eigna til jordbruksproduksjon i framtida.

Departementet kan i særlege høve gi dispensasjon dersom det etter ei samla vurdering av tilhøva finn at jordbruksinteressene bør vika. Ved avgjerd skal det mellom anna takast omsyn til godkjende planar etter plan- og bygningslova, drifts- eller miljømessige ulemper for landbruket i området, kulturlandskapet og det samfunnsgagnet ei omdisponering vil gi. Det skal òg takast omsyn til om arealet kan førast attende til jordbruksproduksjon. Det kan krevjast lagt fram alternative løysingar.

Samtykke til omdisponering kan givast på slike vilkår som er nødvendige av omsyn til dei føremåla lova skal fremja.

Dispensasjonen fell bort dersom arbeid for å nytta jorda til det aktuelle føremålet ikkje er sett igang innan tre år etter at vedtaket er gjort.

Departementet kan påby at ulovlege anlegg eller byggverk vert tekne bort.

Arealet som vegen vil gå over har nok tidlegare vore eit beite men har gått ut av drift for lenge sidan. Det har og ei arrondering p.g.a frådelt tomter og veg som gjer det ueigna til landbruksføremål i framtida.

Vedtak:

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Det vert synt til vurderinga og med heimmel i jordlova § 9 vert det gjeve løyve til omdisponering av areal for vegframføring til gnr 188 bnr 14 som omsøkt.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf forvaltningsloven § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Nils Kaalaas
fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Reigstad bygg og eigedom AS

Osterfjordvegen 5914
124

ISDALSTØ

Mottakarar:
Arne Reigstad

Osterfjordvegen 5914
166

ISDALSTØ